



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
10.07.2013
Dykkar dato
22.03.2013

Vår referanse
2013/4502 721.0
Dykkar referanse
2013/1490 KTA/HJS

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høyringsvar til forslaget om endringar i pasient- og brukarrettslova – rett til brukarstyrt personleg assistanse

Stortinget har bedt regjeringa koma tilbake til Stortinget med eit forslag om å rettighetsfesta brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for brukarar med store omsorgsbehov. Forslaget skal halda seg innanfor den økonomiske ramma som gjeld i dag.

Fylkesmannen i Hordaland har over tid fylgd debatten om å rettighetsfesta BPA. Vi konstaterer at dette er ei viktig sak for brukarar med store omsorgsbehov og for brukarorganisasjonane. BPA er ei etablert ordning i Norge, sjølv om omfanget er mindre enn til dømes i Sverige. Lovendringa som er foreslått vil truleg ikkje medføra at mange fleire får BPA. Vi vil uttala oss om seks forhold i lovforslaget:

BPA er ein måte å organisera omsorgsarbeid på

Vi har sett nokre døme på at dei som har fått innvilga BPA har fått meir hjelp enn om dei skulle fått vanlege omsorgstenester. Ei årsak til dette har vore den statlege tilskotsordninga som medførte at kommunane sine kostnader til BPA blei lågare, og det difor var lettare å innvilga meir hjelp. Slike forhold har kanskje skapt forventningar blant brukarar og pårørande om at det å få innvilga BPA gjer at ein får meir hjelp. Vi har hatt nokre klagesaker, tilbake i tid, der kommunen reduserte hjelpa til "normalt nivå" når den statlege tilskotsperioden utløp.

Føresetninga har heile tida vore at ordninga skal vera ein alternativ måte å organisera hjelpa på. BPA skal i seg sjølv ikkje utløysa meir hjelp. Fylkesmannen meiner at lovfesta rett til BPA ikkje skal føra til at brukarane blir delt i et A-lag og et B-lag, der brukarane av "ordinære tenester" får mindre hjelp enn BPA-brukarane.

Innslagspunkt for rettighet og utmåling av hjelp i timar og minutt

Departementet foreslår at brukaren sin rett til å velja BPA trer i kraft når behovet for omsorgstenester rundar 25 timar i veka. Vi konstaterer at mange av dei som har BPA i dag har mindre hjelp enn 25 timar i veka. Lovforslaget må ikkje få som konsekvens at kommunane vert meir restriktive med å tildela BPA til brukarar som har lågare behov enn 25 timar i veka. Dersom dette skulle skje, vil mange brukarar få redusert høvet sitt til å leva eit aktivt og innhaldsrikt liv.

Ein føresetnad for BPA er at kommunen utmåler hjelp i timar og minuttar. Ved behandlinga av klagar har Fylkesmannen akseptert at ikkje all hjelp nødvendigvis må reknast i tid, fordi oppgåva kan ta ulik tid frå gang til gang. I staden slår kommunen fast i vedtaket at brukaren

skal få nødvendig hjelp til oppgåva. I bufellesskap med personalbase kan dette vera ein tenleg måte å tildela hjelp på. Det kan vera ei utfordring om hjelp til for eksempel toalettbesøk skal utmålast i tid på førehand. Kommunane bør difor gå varleg fram ved kvar einskilt utmåling av tid til konkrete omsorgsoppgåver.

Fylkesmannen vil også peika på dei personalmessige utfordringane for bufellesskap og samlokaliserte bustader med felles personale. Dei som bur i slike bustader bør også ha rett til å velja BPA, men kommunen må få rimeleg tid til å omdisponera personalet dersom brukaren vel andre løysingar enn å få tenester frå personalet i bufellesskapet.

Særskilt overprøving eller vanleg klagerett

I høyringsbrevet vert vi inviterte til å gje synspunkt på behovet for særskilt overprøving frå Fylkesmennene ved avslag på søknad om BPA innanfor intervallet 25-32 timar. Vi kan ikkje sjå gode grunnar til kvifor ei særskilt overprøving skal vera nødvendig. Etter vårt syn vil ein vanleg klagerett ivareta føremålet.

Dersom eit behov på 25 timar i veka utløyser rett til å velja BPA er det ikkje behov for særskilt overprøving innanfor eit intervall, i alle fall ikkje når føresetnaden er at driftskostnadene skal vera dei same som ved ordinære kommunale omsorgstenester. Vanleg klagerett er ei enklare ordning, både for kommune og klageinstans, og ikkje minst utgjør 25 timar i veka ei grense som er lett å forstå for brukarar og deira pårørande og verjer.

Ingen øvre aldersgrense

Departementet føreslår at brukarar over 67 år ikkje skal ha rett til å velja BPA sjølv om behovet for omsorgstenester overstig 25 timar i veka. Grunngevinga er at "*antallet med rett til BPA (vil) kunne stige betydelig dersom de over 67 år inkluderes*".

Vi konstaterer at eldre med omsorgsbehov har fått forholdsvis redusert kommunal hjelp det siste tiåret samanlikna med unge med omsorgsbehov. Fylkesmannen meiner likevel at også brukarar over 67 år bør ha rett til å velja BPA, sjølv om dette fører til at mange fleire får rett til BPA. Det å inkludera dei over 67 år samstemmer med viktige føringar for framtidens eldreomsorg, som aktiv omsorg, tilpassa dagaktivitetstilbod, den kulturelle spaserstokken og lengst mogleg butid i eigen heim. Når målsettinga elles er auka valfridom og brukarstyring i eldreomsorga, bør vi også inkludera eldre i ordninga med brukarstyrt assistanse. Fylkesmannen meiner at vi ikkje treng ei øvre aldersgrense, eventuelt at aldersgrensa vert sett høgare enn 67 år, til dømes 75 år.

Støttekontakt bør inngå som del av BPA

Fylkesmannen er ikkje samd i departementet sitt forslag om at støttekontaktar skal haldast utanfor ved vurdering av rett til BPA. Det er ikkje gode argument for at støttekontaktane vert lønna dårlegare enn assistentar og heimehjelparar. I helse- og omsorgstenestelova er støttekontaktordninga heimla i same paragraf som heimehjelparar, og for brukarane har det ikkje noko å seia om den som gir praktisk hjelp er tilsett som støttekontakt eller som heimehjelpar/assistent.

Vi ser at mange har støttekontaktoppgåver lagt inn i BPA-tenestene sine. Brukarstyring er noko av det essensielle med BPA-ordninga. Brukarstyringa gjev fleksibilitet når det gjeld kva tid ein vil gjera kva. BPA-brukarar melder at dei oppgåvene som høyrer til fritid og aktivitet, og som vanlegvis har lagt til støttekontaktane, er noko av det mest verdifulle med tenesta

deira. Mange av dei som søker om BPA, grunnjev søknaden med eit sagn etter å leva eit innhaldsrikt liv med aktivitetar dei sjølve velgjer.

Mange kommunar slit med å rekruttera støttekontaktar. Nokre av dei har sett inn anna personell enn tradisjonelle støttekontaktar for å ivareta oppgåvene som høyrer til fritid og aktivitet. Ei slik utvikling høver godt i lag med å leggja støttekontaktoppgåvene inn som ein del av den brukarstyrte assistenttenesta. Dessutan vil det kunne frigjera den avgrensa ressursen som støttekontaktar er, til andre oppdrag.

Også ufaglært helsehjelp bør inngå som delt av BPA

Fylkesmannen finn det naturleg at helsehjelp som ikkje krev helsefagleg utdanning vert lagt inn i BPA. Det er oppgåver som allereie kan utførast av assistentar, og til vanleg vil oppgåvene passa for brukarstyring. Grensa mellom kva som er omsorgsoppgåver og kva som er helsehjelp er flytande. Vi ser at personleg hjelp til slike oppgåver både kan definerast som omsorgsoppgåver og som helsehjelp.

Med helsing

Rune Fjeld e.f.
ass. fylkesmann

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrifter.